

## Nytt system: Alt du treng å ha med deg på sjukehuset er mobilen



STOLT: Annette Fosse er prosjektleiar, og er veldig nøgd med at systemet er oppe å gå. Foto: Natalie Liabø Hermansen

Av [Natalie Liabø Hermansen](#)

02. oktober 2020, kl. 09:26

No kan du gå på toalettet utan å vere bekymra for at legen leitar etter deg på venterommet.

DEL

Torsdag trekte sjukehusleiinga snora av den nye innsjekk- og betalingsautomaten på Førde sentralsjukehus. Dei to sjølvbetjeningsautomatane og tekstmeldingar med lenker skal gjere ting lettare for pasienten. No kan du registrere deg, møte opp og betale via mobilen.

– Vi har jobba heilt til i natt med å få dette til. Det nye Imatis-systemet vil redusere køen, i tillegg til å vareta personvernet til pasientane betre. Eg har sjølv prøvd det, og er veldig fornøgd. Eg er vand med å bruke mobiltelefonen til alt, seier

administrerende direktør Arve Varden.




NØGDE: Anette Fosse og Arve Varden hadde stor glede av å offisielt opne automaten for pasientbruk. Foto: Natalie Liabø Hermansen

## Heilt anonymt

Frå klokka seks i torsdag morgon blei dei første SMS-meldingane sendt ut. Om du har time på sjukehuset, vil du no få ei velkomstmelding frå Helse Førde med ei lenke for registrering. Lenka fører deg til ei side der du melder frå når du er framme.

– Det er som å gå til luka, berre digitalt, seier Per Marifjæren, kommunikasjonsrådgjevar i Helse Førde.





REGISTRERING: Gjennom mobiltelefonen din kan du no registrere deg, følge med på oppdateringar og betale for legetimen.

Foto: Natalie Liabø Hermansen

Når du har registrert deg, får du ein anonym kode med to bokstavar og to tal. Dette unike nummeret ser du igjen på skjermen i ventesona, og fortel kor tid du kan gå til behandlingsrommet ditt. Dei nye rutineane vil gjere at du som pasient er heilt anonym i ventesona sidan namnet ditt ikkje blir lese opp. All informasjonen blir også sendt til smarttelefonen din, der du kan halde deg oppdatert på eventuelle forseinkingar.



VENTEROM: Dei fire siffera på skjermen i venterommet identifiserer deg. – Dette sikrar personopplysningar, og ein kan gå inn utan å snakke med nokon, seier Fosse. Foto: Natalie Liabø Hermansen

## Eige sjukehuskart

Etter registreringa på mobilen kan du velje å opne eit kart over sjukehuset som syner deg kvar du skal gå, til kva etasje, og kor lang tid det tek å spasere. Kartet er også tilgjengeleg på automaten som møter deg i inngangspartiet. På denne får du full oversikt ved å trykke inn dei første åtte siffera av personnummeret ditt samt dei to første bokstavane i etternamnet.

– Eg håpar dette systemet kan bidra til at pasientane blir tryggare, seier prosjektleiar Annette Fosse.

## Kan betale med Vipps

Etter at timen er ferdig får du ein SMS med betalingsinformasjon. Då kan du velje mellom å betale via mobil med lenke til Vipps eller i den nye automaten med bankkort. Dei som ønskjer å gjere det som før, kan framleis vende seg til resepsjonen. Faktura er også mogleg, og blir automatisk sendt ut to dagar etter timen din om du skulle gløyme å betale. Fosse fortel at du ikkje får gebyr på den første fakturaen om du skulle gløyme å betale innan to dagar.

– Målet vårt er at du får betalt før du reiser heim. Vi håpar dei fleste brukar dei digitale betalingsmåtene, i alle fall no med tanke på smittevern, seier Fosse.


– Vi ønsker å vere framoverlent og å få pasientane meir aktivt med. Vi er litt bakpå, men no har vi tatt eit steg forbi andre, seier Varden.

## Det er hjelp å få

– Vi skal sjølvstøtt vareta dei som ikkje har smarttelefon, og dei som treng hjelp med teknologien. Sjølv om vi innfører ny teknologi, er denne valfri å bruke. Vi skal ikkje ta vekk noko. Pasientane som ønsker det, kan framleis vende seg til resepsjonen, seier Fosse.

I vestibylen står også ein eigen pasientvert som hjelper deg med den nye teknologien.





ENKEL: Automatane er laga for å vere enkle å bruke. Om ein treng hjelp er det ein eigen pasientvert som bistår. Foto: Natalie Liabø Hermansen

## Røntgenpasientar, Sogn og Nordfjord må vente

– Pasientar som skal på radiologiske timar får ikkje SMS-melding endå, og må enn så lenge gjere som før. Dette er på grunn av teknologiske utfordringar som vi jobbar på spreng med å ordne, seier Fosse.

Varden seier at psykiatrien, samt sjukehuset i Lærdal og på Eid, skal få same system når erfaringa er på plass.